



## Setesdalssamarbeid

Bygland, Evje og Hornnes,  
Valle, Bykle og Åseral

Vår ref.:  
2021/2-40

Sakshandsamar:  
Rita Hansen

Dato  
12.06.23

### REFERAT MØTE ORDFØRARUTVAL 5. JUNI 2023

Møtestad: Kommunehuset, Valle  
Møtetidspunkt: 5. juni kl 1000- 1200  
Desse møtte: Sigbjørn Åge Fossdal, Bygland kommune  
Steinar Kyrvestad, Valle kommune  
Jan D. Dalen, Bykle kommune  
Svein Arne Haugen, Evje og Hornnes kommune  
Inger Lise Lund Stulien, Åseral kommune  
Rita Hansen, Setesdal IPR (referent)

Kommunedirektørutvalet og Bjarne Uldal frå Nordic Egde deltok på teams til sak 5.

Sak	Merknad	Ansvar /frist
<b>1 - Godkjenning av referat frå førre møte</b>  Referat godkjent. Ein held fram med å ha referat, møteplan osv <a href="#">på nettsida</a> , og ikkje nytte den ordinære innsynsløysinga. Vert også sendt til postmottaka.		
<b>2 – Leiars hjørne</b>  Gjensidig koordinering og informasjon kring kven som deltek på andre arenaer den nærmaste framtid.  Studietur. Praktisk informasjon kring studieturen denne veka.  Regionpolitisk industrigruppe. Sigbjørn og Svein Arne deltek i gruppa. Hovudsakleg kystrelatert og kaiavhengig (havvind, batteri osv.), men interessant å være med.  Referansegruppe Sørlandet sykehus. Arendal kommune har trekt seg frå referansegruppa. Svein Arne skal ha innlegg i neste referansegruppemøte.		

<p><b>3 – Høyring – utbygging Fv 42</b></p> <p>Frist for uttale er 1. august. Viktig at alle kommunar er med å trykker på og viser interesse. Regionen gir uttale. Særs viktig at utbygginga blir gjort skikkeleg.</p> <p>Inger Lise oppretthaldar kontakt med Margrethe Handeland (nestleiar i Lister IPR).</p>		
<p><b>4 - Politisk påverknadsarbeid – vitjing Stortinget</b></p> <p>Oppsummering og gjensidig oppdatering om møta delar av utvalet hadde da dei vitja Stortinget tysdag 30. mai. Gjennomgang av kvart tema som stod på agendaen, og korleis dialogen var.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Rv9</li> <li>• Nasjonal turistveg</li> <li>• Forsvaret</li> <li>• Kriminalomsorgen</li> <li>• Nasjonal ramme villrein</li> </ul>		
<p><b>5 - Bygdevekst 2023, oppfølging frå førre møte</b></p> <p>Kommunedirektørutvalet og Bjarne Uldal frå Nordic Egde deltek på teams. Orientering frå møte som kommunedirektørane, dagleg leiar og Bjarne Uldal frå Nordic Egde hadde onsdag 31. mai. Det er fokus på å spisse fjorårets søknad, noko om inneber at den ikkje vil bli ein kopi av fjorårets. Dialog kring innretting og anna praktisk informasjon.</p>		
<p><b>6 - Møte med regionrådsleiarar</b></p> <p>Dei fire regionråda på Agder pleier å ha eit eller to fysiske møte i året kor politisk og administrativ leiing deltek. Dei administrative leiarane har jamlege teams-møte. 20. juni vart det møte med administrativ og politisk leiing igjen. Vertskap går på omgang, og denne gongen er det Kristiansand sin tur. Frå Setesdal deltar styreleiar, nestleiar og dagleg leiar. Eiga sakliste kjem. Det er ein nyttig arena både for å løfte aktuelle tema ein er oppteken av og for å ta opp felles utfordringar.</p>		<p>Sigbjørn, Steinar, Rita</p>
<p><b>7 – Dagleg leiars hjørne</b></p> <p>Planleggjar besøk frå UiA sitt rektorat til hausten. Førebels er Setesdal vidaregåande skule og skigymnaset på Hovden «på blokka». Tar gjerne i mot innspel til program/tema. Sender eiga e-post, inkl eksempel på tidlegare program.</p> <p>Oppstart regionalt samarbeid om statlege arbeidsplassar – ref invitasjon frå Agder fylkeskommune og tidlegare styresak. Styreleiar og dagleg leiar invitert på møte i september.</p> <p>Blir nokre endringar av møtedato for både utvalet og styret som følge av kommunevalet.</p>		
<p><b>8 - Eventuelt</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Webinar tiltaksplan villrein v/statsforvaltaren onsdag denne veka.</li> </ul>		

<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det var mellom anna lagt opp til orientering vdr prosjekt framtidig organisering av arkiv- og museumsstruktur i Agder på neste styremøte. Endring av dato for styremøte kan medføre endringar.</li> </ul>		
<p><b>9 - Bedriftsbesøk</b></p> <p>Etter det ordinære møtet, vart det bedriftsbesøk. Denne gongen går turen til Rysstad Laftebygg AS kor me møter Knut H. Rysstad, som held til på Rysstad..</p> <p>Meir info:</p> <p><a href="https://www.setesdal.no/ordfoererutvalet-paa-bedriftsbesoek-hos-rystad-laftebygg-as.6607198-480629.html">https://www.setesdal.no/ordfoererutvalet-paa-bedriftsbesoek-hos-rystad-laftebygg-as.6607198-480629.html</a></p>		
<p><b>Neste møte:</b></p> <p>Blir ila Arendalsuka. Kjem tilbake til dato og stad.</p>		

Med helsing  
Setesdal interkommunalt politisk råd

Rita Hansen  
dagleg leiar